



Fylkesmannen i Aust-Agder
Miljøvernavdelingen

Bykle kommune

Rådhuset

4754 Bykle

Deres ref.

Vår ref. (bes oppgitt ved svar)
Sak nr. 2014/1623 / FMAALRA

Dato
20.08.2014

Oversending av revidert inspeksjonsrapport - Hartevatn reinseanlegg - Bykle kommune

Fylkesmannen avdekket 1 avvik og 1 merknad under kontrollen. Rapporten har status som endeleg. Vi ber om tilbakemelding innen 15. oktober 2014.

Fylkesmannen i Aust-Agder kontrollerte Hartevatn reinseanlegg den 24.06.14. Hensikten med tilsynet var å kontrollere om verksemda overholdt gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningsforskrifta kap. 14, internkontrollforskrifta og gjeldande løyve. Inspeksjonen var ein del av ein landsomfattande tilsynsaksjon i regi av Miljødirektoratet.

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten skildrar resultat frå inspeksjonen. Foreløpig rapport vart sendt ut 09.07.14 og kommentarar til rapporten ble motteken frå Bykle kommune den 10.07.14. Kommentrane er tatt til følgje og rapporten har no status som endeleg.

Fylkesmannen avdekket 1 avvik og 1 merknad under inspeksjonen:

- **Avvik 1: Det er ikkje utarbeida miljørisikovurdering for anlegget**
- **Merknad 1: Internkontrollsystemet bør bli betre**

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare skildra på side 3.

Vi takker for god mottaking og samarbeid på kontrolldagen.

Med helsing

Lillian Raudsandmoen
rådgjevar

Ildikó Nordensvan
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og sendast utan underskrift.
Sakshandsamar: Lillian Raudsandmoen, telefon: 37017541

Inspeksjonsrapport

Rapportnr: 2014.012.I.FMAA

Kontaktpersoner ved kontrollen:

Frå virksomheten: Sigbjørn Fossdal
Bjørn Einar Andersen

Frå Fylkesmannen: Lillian Raudsandmoen
Ildikó Nordensvan

1 Informasjon om verksemda

Organisasjonsnr (undereining): 958814968	Eigast av (org.nr): 958814968
Besøksadresse: Bykle	Telefon: 37 93 85 00
Bransjenr. (NACE-kode): 84.110	E-post: postmottak@bykle.kommune.no

Kontrollert anlegg

Namn: Hartevatn reinseanlegg	Anleggsnr: 0941.0005.01
Kommune: Bykle	Anleggsaktivitet: Avløpsnett og reinsing

1 Bakgrunn for inspeksjonen

Dette tilsynet var ein del av ein landsdekkande tilsynsaksjon retta mot avløpsanlegg som omfattast av forureiningsforskriftas kap. 14. Hovudtema for inspeksjonen var; mål og strategi for avløpssektoren, handlingsplan og saneringsplan, klimatilpassing, overløp av ureinsa vatn, leidningsnett, akkreditert prøvetaking, reinsekraft, driftsstabilitet i avløpsanlegget og miljørisikoanalyse. Miljødirektoratet har organisert tilsynsaksjonen i samarbeid med Fylkesmannen.

2 Regelverk

- Lov om 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften), kap. 14
- Forskrift 6. desember 1996 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Utsleppsløyve, datert 10.12.2008

Meir informasjon om regelverk finn du på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no

3 Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

Merknad: Eit forhold som tilsynsetatane meiner er nødvendig å påpeike for å ivareta ytre miljø, men som ikkje omfattast av definisjonen for avvik.

4 Oppfølging etter kontrollen

Rapporten omhandler avvik som blei avdekket under inspeksjonen og gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemdas miljøarbeid eller miljøstatus.

Dokumentasjon på at avvika er retta sendast Fylkesmannen **innan 15. okt. 2014.**

5 Vedtak om kontrollgebyr

Fylkesmannen er pålagt å krevje gebyr for gjennomførte inspeksjonar i verksemdar med løyve etter forureiningslova. Hartevatn avløpsreinsanlegg er plassert i risikoklasse 3. Dette inneber at verksemda skal betale 12 000 kr i gebyr for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Faktura med innbetalingsblankett vert ettersendt frå Miljødirektoratet.

Dette vedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova § 28. Klagefristen er tre veker. Eventuell klage bør vere skriftleg grunna, og sendast via Fylkesmannen i Aust-Agder. Klagen gis ikkje oppsettande verknad, og det fastsette gebyret må derfor betalast sjølv om klagen er under handsaming.

6 Offentlighet i forvaltninga

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for offentlegheita. (jf. offentligloven).

7 Avvik

Avvik 1 **Det er ikkje utarbeidd miljørisikovurdering for anlegget**

Avvik frå **Forskrift om internkontroll § 5**
Utsleppsløyve av 10.12.2008

Kommentar:

Om miljørisikovurdering

Bykle kommune kunne ikkje framvise miljørisikovurdering under tilsynet. Kommunen må metodisk kartlegge alle relevante aktivitetar ved anlegget som kan påverke det ytre miljø og risikovurdere disse. Miljørisikovurderinga må òg innehalde aspekt i høve til klimaendringar. Fylkesmannen forventar at klimatilpassing vil bli tilstrekkeleg dokumentert i hovudplanen og i risikovurderinga for avløp, eller i øvrige dokument som utarbeidast i forbindelse med denne. Det blei opplyst på tilsynet at det planleggast eit interkommunalt samarbeid i forbindelse med vurdering av klimaendringar.

Under tilsynet informerte vi om rapporten frå Norsk Vann (*Avløpsanlegg – Risikovurdering for ytre miljø* - Rapport 197/2013. Vedlegg 3 i denne rapporten kan nyttast som utgangspunkt for en basisliste for identifisering av hendingar som kan takast med i arbeidet med risikovurderinga. Anna rettleiing finnast også i Miljødirektoratets: «Klimatilpasningar: Veiledning om mulige tiltak i avløpsanlegget»
http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/Publikasjoner/2008/Februar/Klimatilpasninger_Veiledning_om_mulige_tiltak_i_avlopsanlegg/
Og i Norsk Vann: «Veiledning i klimatilpasset overvannshåndtering», R162
<http://www.norskvann.no/kompetanse/va-bokhandelen/rapporter/product/166-r162-veiledning-i-klimatilpasset-overvannshandtering>

8 Merknader

Merknad 1 Internkontrollsystemet bør bli betre

Om internkontroll for anlegget

Kommunen har ein generell internkontroll som gjeld for alle kommunale avløpsreinseanlegg i Bykle kommune, men lite spesifikt for kvart enkelt anlegg. Det står her at det skulle ha vore utarbeidd ei driftshandbok for kvart kommunalt avløpsanlegg. Internkontrollsystemet skildrar at driftshandboka inneheld drifts- og tilsynsinstruksar, beredskapsplanar, journalskjema m.m. Denne handboka vart ikkje framvist under, eller etter tilsynet. Fylkesmannen ber om å få denne ettersendt saman med tilbakemeldinga på denne rapporten.

9 Andre kommentarar

Under tilsynet blei det stilt spørsmål med omsyn til frekvens på resipientundersøking. Bykle kommune har gjennomført resipientundersøking av Otra i 2011 og i 2013, og meiner at det ikkje lenger er nødvendig med undersøkingar kvart anna år. I samsvar med NIVAs forslag vurderer Fylkesmannen det som tilstrekkeleg dersom kommunen utførar resipientundersøking kvart 4. år jf. §14-9 i forureiningsforskrifta og utslippsløyve pkt. 2.8. Rapportane skal sendast Fylkesmannen.